

06 SEPT 2019

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Avd.: Saksb.:

Sykkylven kommune
Rådhuset, Kyrkjevegen 62
6230 Sykkylven

Deres ref:	Deres dato:	Vår ref:	Vår saksbehandler:	Vår dato:
2016/993 8675/2019	03.07.2019	108297/2019/DISPENSASJON/1528	Synnøve Valle, 71 28 02 39	06.09.2019

Sykkylven kommune - detaljregulering - reguleringsplan, privat - Lastølen og Drotninghaugstølen, Fjellsætra - fråsegn til offentlig ettersyn

Reguleringsplanen har som mål å fastsetje rammer for i istandsetjing og utviding av eksisterande bygningar i tillegg til rammer for bygging av nye fritidsbustader. Området ligg i omsynssone C i kommuneplanen – bevaring kulturmiljø og område med krav om felles planlegging.

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

MERKNADER TIL PLANFORSLAGET

Planfaglige merknader

Ingen særskilde merknader.

Automatisk freda kulturminne

Det er gjennomført ei arkeologisk registrering utan funn av automatisk freda kulturminne.

Kulturminne frå nyare tid

Hovudinstrykket av området er at det er framleis preg av seterstøl. Dersom dette preget skal vidareførast, er det viktig at flest mogleg av dei gamle seterhusa vert bevarte og at nye bygningar får ei tradisjonell plassering og utforming. Nybygg bør derfor plasserast der det har stått seterhus, eller kor det er sannsynleg at eit slikt bygg ville blitt plassert, slik at det karakteristiske ved kulturmiljøet blir bevart. Planforslaget har teke utgangspunkt i dei faglege vurderingane frå fylkeskonservatoren og i føresegnene er det sett konkrete krav til mellom anna nybygg, tilbygg og restaurering. Føresegnene avvik frå tilrådingane frå fylkeskonservatoren mellom anna når det gjeld storleik på bygningane.

Det er gjennom dei arkeologiske utgravingane funne verdifulle kulturminne frå nyare tid. Stølsområda skal ha hensynssone H570, då området er listeført med regional verdi. Vi legg til grunn fylkeskonservator si vurdering frå 18.05.2017.

KONKLUSJON

Vi vil rå til at føresegnene vert endra i tråd med tilrådingane frå fylkeskonservatoren.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Synnøve Valle
rådgivar

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir

Fagsaksbehandlar

Kulturminne frå nyare tid: Rådgivar Anna Eline Eneberg, tlf. 71 28 02 94

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Vår dato:

04.09.2019

Dykkar dato:

03.07.2019

Saksbehandlar, innvalstelefon

71 25 84 10, Jorunn Mittet Eriksen

Sykkylven kommune

16/1993
År/S.nr.:... Vår ref:..... Dok.no.:.....
L.nr.:..... 2019/3795 Klass.: L13

05 SEPT 2019

Avd.:..... 2016/993 Saksb.:.....

SYKKYLVEN KOMMUNE
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN
Att. Arild Sunde Rinnan

Sykkylven kommune

Detaljregulering for Drotninghaugstølen og Lastølen

Fråsegn til offentlig ettersyn

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Fylkesmannen i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Fylkesmannen sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Detaljregulering for Drotninghaugstølen og Lastølen er lagt til offentlig ettersyn. I kommunedelplan for Nysætervatnet ligg arealet som LNF omsynssone c- bevaring av kulturmiljø med dei to gamle seterstølane Lastølen og Drotninghaugstølen. Føremålet med planarbeidet er at eksisterande bygningar kan moderniserast og utvidast innafør gitte avgrensingar og på ein slik måte at stølspreget blir ivaretatt og vidareført.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Natur- og miljøvern

Vi ser at det har vore tett kontakt med kulturminneavdelinga hos Møre og Romsdal fylkeskommune, og at dei har gitt konkrete anbefalingar til plangrep og føresegnar som vil bevare stølsmiljøet. Mykje av dette er tatt til følgje og sikra i reguleringsplanen. Eit av råda som ikkje er følgt opp av kommunen er tilrådd storleik på hyttene. Vi rår kommunen til å revurdere storleik på hyttene innanfor planen, og sette ei avgrensing på maksimum 55-60m², i tråd med det fylkeskommunen har tilrådd.

Vi viser elles til fylkeskommunens fråsegn for nærare merknader av omsyn til kulturmiljøet.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Det er utført ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for planområdet, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 4-3. Gjennom ROS-analysen har ein avdekket risiko knytt flaum- og erosjonsfare langs to bekkar som renn gjennom planområdet. I plankartet har ein markert bekkane med omsynssone «H320 Flomfare» som strekker seg 20 meter til kvar side. Planen opnar for oppføring bygg innanfor omsynssonene. Føresegn §§ 7.2 og 8.1 stiller mellom anna krav til fagkyndig vurdering

av flaum- og erosjonsfare før eigengodkjenning av planen. Slik vi les føresegnene sikrar kommunen med dette at reell fare vert avklart i samband med planen. Det er likevel ein fordel at reell fare avklarast tidleg i planprosessen i tilfelle resultatet gjer at planen må endrast for å tilfredsstille tryggleikskrava i TEK17.

Delar av planområdet ligg innanfor aktsemdssone for jord- og flaumskred, og snøskred og steinsprang. I ROS-analysen og planomtalen kapittel 5.14 står det at Multiconsult har vurdert planområdets nærmaste omgjevnad i samband med regulering av nabotomta, og Norconsult har vurdert skredfaren mellom utløpsområde og planområdet. Videre står det: «*Basert på de to rapportene vurderer man at ovennevnte skredfarevurderinger også dekker dette planområdet. Vi vedlegger skredvurderingen for naboareal mot vest, som konkluderer med at planområdet har sikre grunnforhold i fareklasse S2*». Vi kan ikkje sjå at skredfarevurderinga som det blir referert til er lagt ved oversendinga til Fylkesmannen. Vi føreset at skredfaren som er omtalt i planomtalen kapittel 5.14 og 5.17 stemmer, og at planområdet ligg tilstrekkeleg trygt for 1000-årsskredet, jf. TEK17 § 7-3.

Konklusjon

Vi viser til merknadene over og ber om at dei vert tekne omsyn til.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Martha Helle Dybo, tlf. 71 25 85 91

Kopi

Møre og Romsdal fylkeskommune
NVE – region vest



Statens vegvesen

Sykkylven kommune
Rådhuset, Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar /telefon:
Hallvard Sæverud / 93260501

Vår referanse:
16/126877-6

Dykkar referanse:
2016/993-
8675/2019

Vår dato:
16.07.2019

Sykkylven kommune – Detaljregulering for Drotninghaugstølen og Lastølen på Fjellsætra – Offentleg ettersyn – Uttale

Viser til brev av 2.7.2019 frå Sykkylven kommune.

Statens vegvesen har ansvar for å sjå til at føringane i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av fylkesveg på vegner av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar på transportområdet.

Saka gjeld offentleg ettersyn av framlegg til reguleringsplan for Drotninghaugstølen og Lastølen på Fjellsætra.

Staten vegvesen har ingen særskild merknad til reguleringsframlegget.

Plan og trafikkseksjonen
Med helsing

Jan Gunnar Sandblåst
seksjonssjef

Hallvard Sæverud
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

Telefon: 22 07 30 00
fir mapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vest re Olsvikveg 13
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

SYKKYLVEN KOMMUNE
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Sykkylven kommune

År/S.nr.: 16/993 Dok.no.:
L.nr.: Klass.: L13

22 AUG 2019

Avd.: Saksb.:

Vår dato: 22.08.2019
Vår ref.: 201604454-4
Arkiv: 323
Dykkar dato: 02.07.2019
Dykkar ref.: 2016/993

Sakshandsamar:
Ole-Jakob Sande

NVE sin uttale til offentlig ettersyn av detaljregulering for Drotninghaugstølen og Lastølen i Sykkylven kommune

Vi viser til brev datert 02.07.2019. Saka gjeld offentlig ettersyn av framlegg til reguleringsplan for Drotninghaugstølen og Lastølen i Sykkylven. Føremålet med planframlegget er å legge til rette for at eksisterande bygg kan moderniserast og utvidast innanfor gitte rammer og på en slik måte at stølspreget vert teke i vare og ført vidare, samtidig med at komforten i bygga kan betrast. I tillegg vert det lagt til rette for eit avgrensa tal nye bygg.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

I NVE sitt innspel til varsel om planstart datert 24.08.2016 peika vi på at planarbeidet måtte avklare omsyn til fare for skred og flaum.

NVE sine merknader til planframlegget

I plandokumenta er føreslege regulert omsynssone flaumfare med krav i føresegnene om avklaring av reell fare før planvedtak. Grunngevinga for å fremje planen til offentlig ettersyn utan avklaring av reell fare, er eit ynskje om å få avklara andre tilhøve i planframlegget.

Det er etter NVE sitt syn ein vesentleg mangel ved planframlegget at reell fare ikkje er avklara, og vi føreset at kommunen tek våre merknader til følge og legg planen ut til nytt offentlig ettersyn før slutthandsaming av planen.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord

Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Naturfare

I plankartet er det føreslege omsynssone *Flaumfare* H320 som er regulert 20 m på kvar side av bekkane i planområdet. Det er etter det vi kan sjå ikkje opplyst storleik på nedbørsfelt til bekkane, men vi reknar med at breidda på omsynssona er sett basert på tilrådingane i NVE rettleiar [2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar](#) for nedbørsfelt mindre enn 20 km². Sidan planframlegget også opnar for tiltak i omsynssona, er det i tilhøyrande føresegn § 7.2 og rekkefølgjekrav i § 8.1, sett krav om avklaring av reell flaumfare før slutthandsaming av planen.

NVE sitt primære råd er å unngå utbygging i fareområde. Planframlegget opnar for ny utbygging i område med potensiell fare for flaum. Dersom kommunen ynskjer å opne for utbygging i flaumareal, må reell fare avklarast i reguleringsplanen. Vi viser til Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt rundskriv [H-5/18](#) om samfunnstryggleik i planlegging og byggesakshandsaming, der står det m.a. følgjande s. 19; «...*Ved siste plannivå er det ikke mulig å skyve nærmere avklaring av reell fare til byggesaken ved å sette vilkår for å innvilge byggesøknad. Kravet til ROS-analyse i lovens § 4-3 vil da ikke være oppfylt...*».

I planframlegget er det sikra at det vert gjort reell vurdering gjennom føresegnene til omsynssone *Flaumfare* og i rekkefølgjekrav før planvedtak. NVE kan likevel ikkje ta stilling til om omsyna til fare for flaum og erosjon i bekkane er tatt tilstrekkeleg i vare før dei konkrete vurderingar ligg føre. Vi meiner difor at planen må sendast til NVE for ny uttale når dei faglege vurderingane er gjennomført og det er gjort endringar i plandokumenta.

Det er gjort skredfarevurderingar for to område som grensar til det aktuelle planområdet (Multiconsult 2015 og Norconsult 2015). Begge rapportane konkluderer med at tryggleiken mot skred er tilstrekkeleg teke i vare for dei aktuelle områda. Sidan planområdet i planframlegget ligg nedanfor og på sida av dei kartlagde områda, er NVE samd med kommunen i at fare for skred er tilstrekkeleg avklara.

Vassdrag

I planframlegget er arealbrukskategorien *Bruk og vern av sjø og vassdrag* med underføremål *Naturområde*, jf. pbl § 12-5 nr 6, nytta til å regulere bekkane i planområdet. I følgje vassressurslova § 11 skal det langs breidda av vassdrag med årssikker vassføring oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir levestad for plantar og dyr. Breidda på vegetasjonsbeltet kan fastsettast i reguleringsplanen og vi saknar at føresegnene har krav til vegetasjonsbelte langs vassdraget. NVE ber kommunen sikre at det vert sett krav til vegetasjonsbelte før planvedtak.

Med helsing

Bright Samdal
regionsjef

Ole-Jakob Sande
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.



Vedlegg:

Kopi til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

12 JUL 2019

SYKKYLVEN KOMMUNE
Sentraladministrasjon
Rådhuset, Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Dykkar ref.: 2016/993-7302/2019 PlanID.....
15282016004
Vår ref: 2019/154236
Dato: 11. juli 2019
Org.nr: 985399077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler

Mattilsynet

Uttale til 1. gongs høyring av detaljregulering for Drotninghaugstølen og Lastølen

Mattilsynet har mottatt detaljreguleringsplan for Drotninghaugstølen og Lastølen til 1. gongs høyring og ettersyn. Frist til å gi uttale er av avsendar sett til 04.09.2019.

Saka gjeld

- Detaljregulering for Drotninghaugstølen og Lastølen

Bakgrunn for saka

Drotninghaugstølen og Lastølen på Fjellsetra ligg i gjeldande kommunedelplan i omsynssone for bevaring kulturmiljø og har krav om felles planlegging/reguleringsplan før nye byggjetiltak kan setjast i gong.

Mange av bygningane har ein forholdsvis lav standard, og grunneigarane ønskjer gjennom planen å få klarlagt rammer for istandsetjing og utviding av eksisterande bygningar, i tillegg til rammer for bygging av nye fritidsbustader.

Mattilsynet si rolle i plansaker

Mattilsynet er statleg mynde for drikkevatn med ansvar for å ta vare på nasjonale og regionale føringar i plansaker som kan påverke drikkevatn. Desse er mellom anna gitt i Nasjonale krav og forventningar til regional og kommunal planlegging, *Nasjonale mål for vann og helse*, Matlova, drikkevassforskrifta og forskrift om rammer for vassforvaltninga.

I denne saka vil det vere sikring av tilfredsstillande drikkevatn som er det vesentlege for Mattilsynet sin del. I reguleringsplanen sin omtale og føresegner står det at *alle bygningar, nye og eksisterande i planområdet som har eller får behov for innlagt vatn/avløp, får tilknytingsplikt til mogleg framtidig felles offentleg vass- og avløpsanlegg i området.*

Alle som eig eit vassforsyningssystem/brønn som leverer drikkevatn til minst 2 bustader/ fritidsbustader, skal registrere dette hos Mattilsynet. Vi ser at det er ein stor andel som ikkje har registrert seg. Mattilsynet er derfor ikkje kjend med plasseringane av dei private drikkevasskjeldene som kan bli berørt innanfor det planlagte planområdet.

Opplysningar og drikkevatn og avløp

Reguleringsplanen gjeld eit gammalt stølsområde som sidan eldre dagar har vore i bruk som landbruksareal til beite og slått, med stølsbygningar. Området er i bruk som støl pr i dag. I tillegg er det oppført nyare fritidsbustader innanfor området, i tillegg til stølsbygningar som er ombygd til fritidsbustader.

Mattilsynet peikar på at brønnar som ligg nær kvarandre mest truleg vil trekkje frå same reservoar. Det må ikkje opnast for enkeltløysingar og mogelegheit til å bore på eiga tomt. Ved å redusere talet på brønnar vil ein i tillegg oppnå mindre fare for forureining ned i grunnen. Dette forenkler også etablering av reinseanlegg dersom kvaliteten på vatnet ved analysar tilsei at dette er nødvendig. Mattilsynet meiner at det skal opprettast felles system for både vann og avløp, som alle nye hytter innanfor planområdet må knytte seg til. Løysingar som kan medføre auka fare for forureining av drikkevatn, til dømes ved nye boringar og avløpsløysingar som ikkje er omfatta av VA-planen, må ikkje akseptast.

Innspel til det vidare planarbeidet

- Kartlegg privat vassforsyning i området og ivareta dei ved å etablere omsynssoner for desse i aktuelt planverk.
- Vassforsyningssystem som forsyner meir enn ein enkelt bustad/fritidsbustad skal registrerast hos Mattilsynet, jf. drikkevassforskrifta § 17.
- Ved etablering av eigen brønn viser ein til plan- og bygningslova § 27.1 i tillegg til drikkevassforskrifta § 5 siste ledd; Eigar er ansvarleg for at drikkevatnet er helsemessig trygt, klart og utan framtredande lukt, smak og farge.
- Ha fokus på tilgang til tilstrekkelege mengder drikkevatn som tilfredsstillar kvalitetskrava i drikkevassforskrifta før nyetableringar vert vedtekne.
- Mattilsynet etterspør ei konkret løysing for drikkevatn for heile planområdet, og ein plan for vatn og avløp som følgjer reguleringsplanen vidare.

Mattilsynet minner om at tiltakshavarar, kommune og konsulentar i prosessane med planarbeid må vurderer hyttefelta samla der dei grenser inntil kvarandre. Vi registrerer at det er mange planar for utbygging på Fjellsetra. Mattilsynet ser særleg behov for å sikre leveranse av drikkevatn for framtidige generasjonar i eit attraktivt fjellområde.

Med helsing

Lennart Floyd Berge
seksjonssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*

Kopi til:
Arild Sunde Rinnan

Vedlegg:

Du har rett til å få rettleiing om regelverket og sakshandsaminga. Dette betyr at du kan krevja å få vita kva regelverk som gjeld, kvar du finn regelverket og korleis du skal skjønna dette regelverket. Du har også rett til å få vita korleis vi handsamar saka di og kva rettar du har i den samanheng. Men Mattilsynet kan ikke gje konkrete råd om korleis du skal oppfylle regelverket. Retten til å få rettleiing følgjer av forvaltningsloven § 11.

Du har rett til å sjå saksdokumenta

Du har også rett til å få sjå dokumentene i saka di, sjå forvaltningsloven §§ 18 - 21.

Vi har vurdert saka etter dette regelverket

- Lov 19. des. 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv (matloven)
- FOR 2016-12-22 nr 1868: Forskrift 22. des. 2016 nr. 1868 om vannforsyning og drikkevann (drikkevannsforskriften)